

# MAIKVELD

---

## Magne Hesjedal (1900-1991)

---

Magne Hesjedal var ein kunnskapsrik og allsidig småbrukar frå Hesjedalen på Osterøy. I ungdommen var han lærar, og hadde elles mange oppgåver i kristeleg og kommunal samanheng. Dette diktet er henta frå ei samling av dikt som Bjarne Thaulé har sett saman etter venen Magne.

No blømer trei i Vikahagen  
dei lyser kvite mot grønne bø;  
Det er vel fagert maidagen  
med grønne vollar frå li til sjø.  
Og oppmed huset står pinselilje  
og tulipanar og annan lauk.  
No alle blommar hev vokstervilje  
og oppom løa der gjel ein gauk.

No hev eg rydja, no hev eg raka  
og sauene hev eg sleppt til fjells;  
ein liten pause eg no vil taka  
før eg går innatt og et til kvelds.  
Eg sit på benken utføre stova,  
eg høyrer vårkveldens fuglesong  
om våren bør ein mest ikkje sova,  
men fylgja med denne vokstergong.

Men eg er einsam og sårt eg saknar  
ei kvinne her attved sida mi.  
Det er i tankane frå eg vaknar  
og gjer meg sturen og lite blid.  
Og dagen lang går eg her og drøymmer  
om kjekke gjenter eg aldri får,  
og djupt i hjarta ei von eg gøymer  
med tidi skifter og åri går.

Det er som hjarta det ville sprengja  
når kjenslene strøymmer hardest på,  
men kjærleiken lyt eg inne stengja  
når ikkje nokon eg her kan få.  
Eg går og vonar at lukka smiler  
ein gong til meg i min heim so lun,  
men åri går og eg ofte tviler  
om me vert fleire her i vårt tun.